

## Årsmelding for Hifo Sogn og Fjordane året 2015-2016

Meldinga omfattar aktiviteten frå mai 2015 – mai 2016

Styret i arbeidsåret 2015/2016

Anders Timberlid (leiar)

Ulrike Spring

Kjerstin Risnes

Oddmund Løkensgard Hoel

Leiaren har vore sekretær.

Iris Helene Kopperud har vore skulekontakt

### Tilstellingar og aktivitet

HIFO, avd. Sogn og Fjordane har hatt følgjande arrangement i samarbeid med historikarmiljøet ved Høgskulen i Sogn og Fjordane:

8. november 2015: "Frå landevegen". Ei framføring av dei reisande si historie. Leikanger kyrkje. Samarbeid med Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane og Leikanger sokneråd.

20. november 2015: Hans Olav Lahlum: «Mellom fakta og fiksjon – om skriveprosessen i historie og skjønnlitteratur»

9. mars 2016: Ulrike Spring: The (Pre-)Modern North: The North Cape as Tourist Destination around 1900 (utkast til artikkel)

4. mai 2016: Hanne Østhus: «Framlegg av bokforslag». Omarbeiding av doktoravhandling til bok.

Skulekontakten, Iris Helene Kopperud, har teke del i seminar arrangert av Cappelen forlag.

Medlemmene er elles aktive med ulike faglege prosjekt, og laget vert rådspurt i ulike saker, anten det gjeld undervisningsopplegg i skulen, radiointervju og skrivning i lokalavisene i samband med større og mindre historiske skriveoppdrag. Fleire av medlemmene er i meldingsperioden i gang med større historiske arbeid som Fylkessoga for Sogn og Fjordane, historieverk for Florø og "Høyanger 1915-2015". Verket om Høyanger vart publisert i to band i november 2015.

### Økonomi

Økonomien i laget er bra. Laget fekk eit driftstilskot på kr. 5000 frå sentralt hald for 2014/2015. Elles har vi brukt av midlar som laget har på konto.

### Medlemmer

I det sentrale medlemsregisteret er lokallaget ført opp med 17 medlemmer.

### Styrearbeid

Dei fleste i styret arbeider ved Høgskulen i Sogn og Fjordane og har såleis dagleg kontakt om ulike saker. Forutan styremøte held vi kontakt via telefon og på e-post med dei andre i styret,

Sogndal, 23. mai 2016  
Anders Timberlid  
Leiar